

Rapport

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) i Etne 2014

Etne er ein distriktskommune der ein ofte lyt reise langt for å oppleve eit breitt og variert kulturliv. Like fullt er Etne så langt ein strekkjer til, ein aktiv kulturkommune - også på eiga hand.

T d er kulturhuset med sine mange tilbod eit samlingspunkt for heile regionen. Vakker natur gir dessutan mange moglegheiter for ein aktiv kvardag, og Etne har i den vedtekne kommuneplanen sett som mål å vere *ein regionalt profilert kulturkommune*.

Ein arbeidar for at DKSS skal bidra best mogleg til at ein lokalt også kan styrke kulturtilbodet og aktivitetane for dei eldre.

Den kulturelle spaserstokken har i 2013 bidrege med tilskot til følgjande tiltak:

A.

Tilbod om ulike aktivitetar/utflukter/arrangement med sosialt samvær og kulturelle innslag som har vore tilpassa fysiske og andre særskilde behov innafor alle grupperingar av eldre. Skakkesenteret, Etne kino, Pensjonistlag, Eldreråd, Frivilligsentral, Forteljefestivalen og bedrifter har vore initiativtakarar for dei ulike tiltaka.

B.

Tilbod med profesjonelle kunstnarar innafor musikk og anna scenekunst.

C.

I samarbeid med Den kulturelle skulesekken, kulturhuset og andre aktørar innafor kulturfeltet, saman med ulike organisasjonar og samanslutningar - bidrege til at det vert tilrettelagt for transport og anna ved arrangement osv for eldre.

Tilboda har gått ut til ei målgruppe på om lag 6-700 personar, der gjerne drygt 200 har gjort seg nytte av heile eller delar av tilboda.

Det er totalt nytta 154 044, - i 2014, og bruken av pengane fordelar seg slik:

Ansvar Kultur 2300, teneste 2347:

14700 TILSKOT TIL ORGANISASJONAR OG LAG	44 744
14701 TILSKOT TIL ULIKE KULTURINSTITUSJONAR	4 500
14702 TILSKOT TIL ARRANGEMENT	45 700
11056 ARBEIDSMATERIELL	7 700
11400 ANNONSER	<u>1 400</u>
	104 044
Administrasjons ressurs (ca)	<u>50 000</u>
Totalt	154 044

Etne, den 8. juni 2015



Nils Halleland
Leiar Kultur
Etne kommune